



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Hyllestad kommune

Askvoll kommune

Fjaler kommune

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
13/317-33/MAS	17/3058	24.05.2017
16/1248-18		
17/2308		

**Klage frå Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar over Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i den lokale strukturen i Vest politidistrikt**

Justis- og beredskapsdepartementet syner til klager som er dagsett 3. mars, 9. mars og 15 mars 2017 frå Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar og Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 om å endre politiet sin lokale struktur i høve til Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar:

*«Sammenslåing av Flora politistasjonsdistrikt og lensmannsdistriktene Bremanger, Førde og Naustdal, Gloppen, Jølster, Fjaler, Hyllestad, Gaular, Askvoll, Balestrand, og Høyanger, til Sunnfjord lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Flora politistasjon, Bremanger lensmannskontor, Førde lensmannskontor, Gloppen lensmannskontor, Fjaler lensmannskontor og Høyanger lensmannskontor.»*

Politidirektoratet har i brev 28. mars 2017 sendt klagene frå Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar og Vest politidistrikt. Direktoratet opplyser i oversendinga at klagen frå Hyllestad, Askvoll og Fjaler har vore lagt føre dei kommunar som saka vedkjem, jf. forskrift om klageordning for kommunar som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 andre ledd.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon - sentralbord	Politiavdelinga	Sakshandsamar
Postboks 8005 Dep	Gullhaug Torg 4a	22 24 90 90	Telefaks	Karl-Vidar Solberg
0030 Oslo	0484 Oslo	Org.nr.: 972 417 831	22 24 95 30	+4722245570
0030 Oslo				Karl-Vidar.Solberg@jd.dep.no

Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar har kvar for seg fremja i det vesentlege like klager, der kommunane klagar på samanslåing av lensmannsdistrikta i området som betyr at Hyllestad, Askvoll og Fjaler vert ein del av Sunnfjord lensmannsdistrikt. Kommunane ønskjer at Hyllestad, Askvoll og Fjaler skal vere eigne lensmannsdistrikt.

Klagene er grunna i forhold knytt til vakt og beredskap, reaksjonstid, førebygging og prosessen kring Politidirektoratet si avgjerd.

### **1. Bakgrunn**

Nærpolitireforma, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt Stortinget for handsaming. Proposisjonen vart fastsett 10. juni 2015 med nokre endringar, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). I Innst. 306 S (2014-2015) vart det mellom anna sagt følgjande om det overordna målet med nærpolitireforma:

*«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».*

Justis- og beredskapsdepartementet har i samsvar med dette gjeve Politidirektoratet mynde til å fastsette politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og til å kunne fastsette samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Politimeistrane har, som ein del av nærpolitireforma, greidd ut og føreslått endringar i politidistrikta sin lokale struktur for å kunne frigjere tid og ressursar til å kunne vere meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa. Den lokale strukturen i politidistrikta skal fremje eit nærpoliti som er operativt og synleg, med kapasitet til å førebygge, etterforske og påtale strafflagde handlingar. Politimeistrane sine framlegg er mellom anna tufta på innspel frå kommunar og lokale polititenestemannsorganisasjonar.

Politimeistrane sende sine tilrådingar til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet fastsette 13. januar 2017 ny lokal organisering av norsk politi.

Kommunar som vedkjem endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan klage på Politidirektoratet si avgjerd til Justis- og beredskapsdepartementet, jf. forskrift av 22.

juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1.

## **2. Motsegner frå kommunane**

Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar er uroa for at ei samanslåing av dei tre lensmannskontora til eitt vil gå ut over beredskapen og servicen til innbyggjarane. Dei held fram at Sunnfjord vert ein stor eining og ei oppretting av tenestestad i Fjaler vil føre til urimeleg lang reiseveg for innbyggjarane. Dei gjer vidare gjeldande at samanslåinga vil føre til lang reaksjonstid og manglande nærvær, særleg på nattetid og i helgene.

Hyllestad kommune har og gjort gjeldande at prosessen kring avgjerda ikkje er gjort i samsvar med intensjonane frå Stortinget. Kommunen meiner dokumentasjonen og grunngjevinga for korleis denne reforma vil tryggje betre tenester, førebygging og beredskap er for dårleg.

## **3. Synspunkt frå andre kommunar**

Politidirektoratet har opplyst at ikkje nokon av dei andre kommunane i Vest politidistrikt har fremja synspunkt på klagen frå Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar.

## **4. Politidirektoratet si vurdering**

Politidirektoratet har i brev 28. mars 2017 til Justis- og beredskapsdepartementet gjort nærare greie for sitt avgjerdsgrunnlag og har ikkje funne grunn til å gjere om si avgjerd i høve til Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar.

Politidirektoratet har synt til at avgjerda 13. januar 2017 om samanslåing av Hyllestad, Askvoll og Fjaler lensmannsdistrikt bygde på tilrådinga frå politimeisteren i Vest politidistrikt. Tilrådinga frå politimeisteren er tufta på politifaglege vurderingar og ein lokal prosess som kommunar og fagrørslene har teke del i.

Politidirektoratet har og synt til at direktoratet har vurdert dei innspel og synspunkt som har kome fram i klagen frå Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar og frå politimeisteren i brev 23. mars 2017. Politimeisteren har i brevet skildra korleis politiet sine tenester skal tryggjast i Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar etter samanslåing av lensmannskontora. Politidirektoratet meiner at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar som høver med siktemålet til nærpolitireforma.

Politidirektoratet har difor konkludert med at det ikkje ligg føre opplysingar som gjev grunn til å endre den vurderinga som ligg til grunn for politimeisteren sin tilråding om endringar i den lokale strukturen for Hyllestad, Askvoll og Fjaler lensmannsdistrikt i Vest politidistrikt.

## 5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjerd

Klagen er sett fram i samsvar med forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten. Etter § 1 i forskrifta kan kommunar som vedkjem avgjerda om ny tenestestadsstruktur klage på avgjerda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Vidare følgjer det av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan gjere nytt vedtak eller heilt eller delvis oppheve avgjerda og sende saka attende til direktoratet for ny handsaming, jf. forskrifta § 6 første ledd.

Elles må departementet si klagehandsaming oppfylle forvaltningslova kapittel II og III og ålmenne reglar om god forvaltningsskikk, jf. forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i oversendinga gjort greie for den føregåande prosessen i Vest politidistrikt, som mellom anna syner at politimeisteren har hatt ein omfattande lokal prosess med deltaking frå kommunar og tenestemannsorganisasjonar.

Hyllestad kommune set samstundes fram klage på denne prosessen og har i sitt brev frå 15. mars mellom anna gjort gjeldande at:

*«Hyllestad kommune finner det dårleg dokumentert og grunngjeve korleis reforma vil sikre betre tenester, førebygging og beredskap. Innbyggjarane og kommunen må vite meir om reforma samsvarer betre med intensjonane frå Stortinget med «nærpolitireforma» før strukturane kan vedtakast»*

Det følgjer av politimeisteren sitt brev frå 13. mars 2017 at dei 53 kommunane i Vest politidistrikt vart invitert inn i styringsgruppa 17. juni 2016. Politidistriktet hadde også kontakt med KS både i Sogn og Fjordane og Hordaland fylke. Nokre kommunar var budd på å verte representert gjennom kommunale samarbeidsorgan, men dette var ikkje noko eintydig bilete. Politimeisteren valde difor å halde seg til kvar einskild kommune, samstundes som kommunale samarbeidsorgan og fylkeskommunane vart invitert til samling og møter i styringsgruppa.

Vidare er det opplyst at politimeisteren heldt åtte styringsgruppemøter mellom 28. april og 28. november 2016, og der kommunane og kommunale samarbeidsorgan var til stades på to av møta. Sytingsgruppemøtet 14. september 2016 vart halde i Balestrand. Politimeisteren arrangerte i tillegg eit dialogmøte med kommunane og kommunale samarbeidsorgan i Førde i Sunnfjord 24. august 2016.

I tillegg til orientering frå politimeisteren og prosjektleiar om nærpolitireforma og status i arbeidet med nytt politidistrikt, vart det halde gruppevis dialog mellom driftseiningsleiarane i politidistrikta og ordførarar/rådmenn for å avklare deira forventningar til nærpolitireforma. Vidare er det opplyst at prosjektleiaren heldt

orienterings- og dialogmøte 14. oktober 2016 med politikarar frå Solund, Askvoll, Fjaler og Hyllestad.

Departementet meiner at Hyllestad kommune er gjeve rimeleg høve til å kunne leggje fram sitt syn på saka og til å gje tilbakemelding på prosessen. Departementet reknar difor at krava til prosess er oppfylt.

Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommunar er uroa for at samanslåinga vil gå ut over beredskapen og servicen til innbyggjarane. Det vert halde fram at Sunnfjord vert ei stor eining og at oppretting av tenestestad i Fjaler gjev innbyggjarane ein urimeleg lang reiseveg. Dei gjer vidare gjeldande at samanslåinga vil føre til lang reaksjonstid og manglande nærvær, særleg på nattetid og i helgene.

Departementet syner her til politimeisteren sitt brev 23. mars 2017 som opplyser at Askvoll lensmannskontor i dag har 2,3 politistillingar og ein 0,86 sivil kontorstilling, medan Hyllestad lensmannskontor har 2 politistillingar og 1 sivil kontorstilling.

Vidare er det opplyst at avstanden frå Askvoll og Dale, der Fjaler lensmannskontor ligg, er ca. 22 kilometer med normal køyretid på ca 22 minuttar. Askvoll kommune har ca. 3000 innbyggjarar, der ca. 900 bur på øyer og må bruke båt eller ferje for å kome seg til næraste tenestestad. Avstanden frå Hyllestad lensmannskontor til Dale er ca. 40 kilometer med normal køyretid på ca. 40 minuttar. Hyllestad kommune har ca. 1400 innbyggjarar og innbyggartalet i Fjaler er ca. 2800.

Politimeisteren gjer også gjeldande at avstanden for innbyggjarane i Askvoll og Hyllestad kommune til lensmannskontoret i Fjaler kan godtakast, og han har gjeve uttrykk for at opningstidene vil verte meir fleksible.

Politimeisteren held også fram at:

*«En noe større grad av ressursamling gir fleksibilitet til å bemanne patruljer også utenfor ordinær kontortid. [...] Det er politimesterens klare vurdering at de operative ressursene som kontorene i dag utgjør, vil utnyttes bedre dersom de inngår i en større enhet.»*

Departementet meiner til liks med politimeisteren at dei operative ressursane ved Hyllestad, Askvoll og Fjaler lensmannskontor vil kunne nyttast betre om dei vert ein del av større einingar. Departementet syner til at lensmannskontora i Hyllestad, Askvoll og Fjaler med noverande ressursar har avgrensa kapasitet til vakt og beredskap, kriminalitetsførebyggande tenester og etterforskningsoppgåver. Oppretting av større tenesteeiningar vil kunne flytte ressursar til operativ teneste og på den måten betre polititenesta i distriktet.

Departementet er også samd med Politidirektoratet i at politipatruljer skal kunne gjere publikumsretta oppgåver, noko som betrar servicen til publikum i høve til gjeldande

ordning. Politipatruljer vil også kunne gje kortare reaksjonstid på grunn av at politiet i større grad vil kunne vere på staden ved hendingar og behov gjennom kunnskapsbygd tenesteplanlegging.

Departementet vil elles nemne at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ei viktig rolle i samspelet mellom driftseininga, lensmannsdistriktet og kommunen. Departementet meiner at politikontakten, som vil verte oppretta innan 15. juni 2017 i alle kommunar, på ein god måte vil kunne medverke til at politiet arbeidar tettare og meir strukturert med kvar kommune, og at dei vil få god lokalkunnskap om kommunen.

Dei kommunane som vedkjem saka har vore lagt føre klagen i samsvar med forskrifta § 5 andre ledd.

**Departementet finn, på grunnlag av ei samla vurdering av dei opplysingar som er lagt fram i saka, ikkje grunn til å gjere om på Politidirektoratet si avgjerd om ny tenestestadsstruktur for Askvoll, Hyllestad og Fjaler kommunar i Vest politidistrikt. Departementet held fast på Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017.**

**Klagen takast ikkje til følge.**

Justis- og beredskapsdepartementet si avgjerd kan ikkje klagast på, jf. forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 6 andre ledd.

Ein kopi av dette brevet er sendt til Politidirektoratet til vitande.

Med vennleg helsing

Thor Arne Aass  
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud  
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

*Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur*